

Soknerådsmøte i Moster kyrkje

tysdag 21.05.2019 kl.19:00.

Desse møtte: Rune Sivertsen, Gunnvald Bjotveit, Inger Marie Gjerde, Per Harald Gjerde, Mona Ingvaldsen Hodne, Sigurd Totland, Magnhild Nøstbakken og Aksel Lygre.

Sak 49 – 2019 Godkjenning av innkalling og møtebok av 08.04.19 og møtebok av 06.05.
Referat av 08.04, sak 38 er korrigert ved at namn er tatt bort. Innkalling og begge møtebøker vart elles godkjende.

Sak 50 – 2019 Oppfylging av tidlegare saker.

- **Evaluering av KN-aksjonen 9.april: Det kom inn i 29 703, - av dei kontant 21 621,- som då viser igjen i vårt rekneskap. Aksjonen gjekk bra, alle rutene vart dekket. Godt jobba av dei som administrerte aksjonen.**
- **Innspel frå tilsette og medarbeidarar: Mannsstemmer i koret m.m. Powerpoint for rekruttering til kyrkjekoret er på plass.**
- **Evaluering av konfirmantgudsteneste, konfirmantfest 28. april og konfirmasjon 11.-12.mai. Når det gjeld konfirmasjonsgudstenestene, så ynskjer soknerådet eit kulturelt innslag i gudstenestene på konfirmantane og foreldra sine premiss. Kanskje reint ressursmessig vil det vere nok med to konfirmasjonsgudstenester.**
- **Miljøtiltak for konfirmantar. Det er behov ei til to husgrupper i tillegg til Aksel si gruppe.**
- **Høgreteknkonto er oppretta. 100 000 kroner vert overført til denne kontoen.**
- **Planlegging av sommaravslutting: Elin vil ha den heime hjå seg den 18. juni.**
- **Fellesmøte ved Charmaine Hedding. Info ved sokneprest. Er godt i gong med førebuing. Treng hjelp på teknisk. Aksel prøver å finne folk til det.**

Sak 51 – 2019 Val av nytt sokneråd

Ein treng valmedarbeidarar til valdagane, utstyr til valet og truleg nokre frå sokneråda som kan hjelpe til ved førehandsvalet. Mona, Inger Marie, Sigurd, Gunnvald og Magnhild kan stille begge dagar. Alle spør nokon, og melder frå til Mona, innan 16 juni. Valmedarbeidarane må også få opplæring i forkant. Oppteljing vert den 10 september. Tekniske detaljar kring soknerådsvalet vart drøfta.

Sak 52 – 2019 Moster kyrkje vert 150 år i 2024

Kyrkjejubileet fell saman med tusenårsmarkeringa for kristenretten. Me legg dessutan opp til at orgelet då skal vere på plass. Soknerådet treng å skaffe historisk grunnlagsmateriale, setje ned ein komité for markeringa og samtale om korleis eit jubileum i den gitte situasjonen skal markerast..

Saka er overført frå førre møte.

Forslag til vedtak: Moster sokneråd oppnemner ein komité med oppgåve å skaffa historisk grunnlagsmateriale for å laga eit jubileumsskrift og kome med framlegg om program til jubileumsfeiringa. Aksel og Per Harald har meldt seg som medlemmer i komitèen, og vil spørje

andre om å vere med i denne komitèen.

Sak 53 – 2019 Spørsmål om misjonsavtale med Israelsmisjonen
Saka er overført frå førre møte.

Soknerådet ser ikkje at me har kapasitet til å inngå ein slik avtale no.

Sak 54 – 2019 Temakveldar hausten 2019

Forslag til datoar: 26/9 – forbønsgudsteneste; 17.10 -diakoni; 14.11 – bibeltime

Sak 55 – 2019 Orgelrapport.

Sjå vedlegg. Utskrift til møte frå kyrjekontoret, så ein kan lese rapport elektronisk og treng ikkje skrive ut sjølv. Forslag til vedtak: Moster sokneråd godkjenner rapport frå orgelkomiteen for vidaresending til Bømlø kyrkjelege fellesråd. Soknerådet takkar komitèen for ein sær grundig og god rapport

Sak 56 - 2019 Avslutting av tekstilkomiteen sitt arbeid.

Soknerådet treng å vedta støtte til ulike utøvarar, planleggja markering setla til 16.juni og ta til vitande slutføring av rapport.

Vedtak: Soknerådet går inn for tekstilkomiteen sitt framlegg om godtgjersle til dei som har utført arbeidet, totalt kr. 12 000. Blomar vert innkjøpt, dei vert invitert til gudstenesta, og til ei takkehelsing frå soknerådsleiar.

Sak 57– 2019 Referat og meldingar

- Frå fellesrådet
- Amfigudstenesta: Er i rute.
- Meldingar ved soknerådsleiar, sokneprest eller andre: Gudstenesta den 4. august går ut. Den 22. september er det jubileumsgudsteneste i Bremnes kyrkje.

Sak 58 – 2019 Ymse